



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjebø, 20.09. 21.

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd

Møtedato: 16.09.21.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Andreas Ester.

Meldt forfall : Ellinor Henjesand Austreim . Møtte ikkje : Anna Sofia Høvik.

Kopi av møteboka går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekær, Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste

##### Godkjenning av innkalling og sakliste.

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.

##### Godkjenning av referat fra møtet 27.05.21.

Det var ingen merknad til referatet.

##### Sidan sist.

Gudstenester avvikla etter plan, med unnatak av Vadheim 4.7. pga ingen frammøtte.  
Gode tilbakemeldingar for unge vikarprestar.

Opa kyrkle 4 gonger i sommar. Stemningsfullt og fint opplegg. 3-14 frammøtte.

Friluftsgudsteneste på Vadheimsstølen 29.8., med 24 frammøtte.

Konfirmasjonar gjennomført i september både i Vadheim og på Kyrkjebø.

Ein av våre konfirmantar hadde seremoni i eit anna sokn.

##### Postlista.

Leiar i soknerådet gjekk gjennom postlista med soknerådsmedlemmane.

##### Årshjulet.

Gjennomgang som eiga sak .

##### Soknepresten har ordet.

Soknepresten minna om teksten for komande søndag, og presentasjon av neste års konfirmantar.

#### Meldingssaker:

210016 Rekneskapsrapport pr 09.09.21.

Leiar gjekk gjennom rapporten med soknerådet, med presisering av at midlar frå sal av Kyrkjelydshuset er bundne midlar. Soknerådet tek orienteringa til vitande.

## **210017 Helgestunder.**

Stoff til nr 3 i år må vere inne til redaksjonen før 20.9.  
Kyrkjebo Sokneråd har ansvar for referat frå Vadheimsstølen og omtale av ein salme.  
Leiar og Irene tek ansvar for tekst og bilde til innlegga.  
Oppfordring til medlemmane i soknerådet til å tenke på ein salme vi likar , og kan skrive om i Helgestunder.

## **210018 Bergingsplan for inventar ved ein evt. kyrkjebrann.**

Soknerådet gjekk gjennom og foreslår slik prioritering av gjenstandar i kyrkja :  
1. Døypefont (i tre)  
2. Krusifikset (i tre). Her må opphenget vurderast i høve til berging ved evt. brann.  
3. Lysekruna  
4. Messinglysestakar på altaret  
5. Kyrkjesølv i safen.  
Evt vurdere alternativ plassering av ein del eldre gjenstandar som no er oppbevart i kyrkja.

## **210019 Nytt frå fellesrådet**

Leiar gjekk gjennom protokoll frå møtet 02.09. , med bl a plan om utlysing av stilling som kyrkjelydsmedarbeider i lag med gamle Gauldal kommune.

## **210020 Årshjulet**

Soknerådet gjekk gjennom planlagde aktivitetar, møte og gudstenester, samt drøfta evt nye forslag.  
Tårnagenthelg blir 23. + 24.10. Treng evt 1-2 medhjelparar , som kan vere av foreldre eller av konfirmantar (årets eller fjarårets).  
Evt andre arrangement, td folkemusikkgudsteneste 1.halvår 2022.  
Forslag om musikk-kveld, gjerne med innmelde ynskje frå publikum.  
Deltakarar kan vere kantor, kulturskule og korskule.

### **Vedtakssaker:**

#### **Sak 0016/21: Gudstenesteplan for perioden 03.10.21 – 31.12.21.**

**Vedtak:** Gudsteneste-plan vert vedteken slik den føreligg.

#### **Sak 0017/21 : Gravplassforskrifter- høyningsuttale med frist 01.10.21.**

**Vedtak:** Høyningsnotatet er omfattande, og Kyrkjebo Sokneråd vel å ikkje gje eiga uttale.

#### **Sak 0018/21 : Kyrkjeleg organisering – høyningsuttale med frist 01.12.21.**

**Vedtak :** Høyningsnotatet er omfattande. Soknerådet vel eit utval (Kari, Andreas og Sturla), som arbeider vidare med notatet og lager ei innstilling til soknerådsmøtet 18.11.21.

Ingen innmeldte saker under ymse.

For Kyrkjebo sokneråd

Aud Kjersti Haugen

Medlem i soknerådet